



DEN NORSKE KYRKJA

Ål kyrkjelege fellesråd

Møtebok

Ål kyrkjelege fellesråd

Møte 02.12.2025

Møtestart: Kl 19:00 Ål kyrkjestugu

Møteslutt: Kl 19:40

Til stade:

Medlemer: Inger Haug (Leveld), Liv A. Solberg (Leveld), Frøydis Stoveland Dekko (Torpo), Kari Kristine Flatland (Torpo), Anne Kjersti Frøyen (Ål), Audun Vestenfor (Ål), Kristoffer Lønning Tørresen (setteprost).

Varamedlem: Wenche Skår-Ekse (vara Ål)

Andre: Kristoffer Krohn Sævre, sekretær

Forfall: Arild Øystese Hansen (Ål), Ingrid K. Hajem (Ål), Solveig Løkensgard Arnegard (komm.repr), Camilla Osnes (prost permisjon)

SAKSLISTE:

FR-sak 50/25: Godkjenning av referat frå møtet 11.11.25 og innkalling 02.12.25

FR-sak 51/25: Statusoppdatering rekneskap 2025

FR-sak 52/25: Orienteringssaker

FR-sak 53/25: Personalsituasjonen – oppdatering

FR-sak 54/25: Revisjonsberetning om årsregnskap 2024

Anne Kjersti Frøyen

Leiar

Kristoffer Krohn Sævre

Kyrkjeverje

FR-sak 50/25: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 11.11.25 OG MØTEINNKALLING 02.12.25

Saksdokument:

Møtebok frå møtet 11.11.2025

Saksopplysningar:

Møtebok frå møtet i Ål kyrkjeleg fellesråd i møte 11.11.2025 vert lagt fram for eventuelle korrigeringar og til godkjenning.

Møteinnkallinga for møtet 02.12.2025 er lagt fram for godkjenning.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 02.12.2025

VEDTAK :

Ål Kyrkjelege Fellesråd godkjenner møteboka frå 11.11.2025.

Ål Kyrkjelege Fellesråd godkjenner innkallinga til møtet 02.12.2025.

FR-sak 51/25: STATUSOPPDATERING REKNESKAP 2025

Saksopplysningar:

Vedlagt utskrift av rekneskap fram til mid november. Rapporten viser at me jamt over er på forventa nivå. Me kjem ikkje til å bruke opp budsjettet for 2025, grunna fylgjande:

- Overforbruket på 258,534 for 2024 vart overført frå kommuna til ÅKF i 2025-overføringa.
- Investeringsstilskotet på 450,000 framstår som tilgjengeleg driftsmidlar, men vil brukast som del av investeringskostnadar.
- Underforbruk på løn (diakonvakanse) utgjer ca 300,000.

Resterande midlar vil stort sett brukast og jamnast ut i innspurten av året.

Økonomien til Ål kyrkjelege fellesråd er slik sett normal i 2025, og jamt over i tråd med budsjetteringa. Underforbruk i form av vakanse er ikkje en ynskjeleg situasjon, då det betyr at me ikkje har hatt stab og kapasitet til å gjere alt me hadde planlagt og ynskja. Diakonien har fått god hjelp av diakoniuutvalet og frivillige, samt ein kollega i vikar i ein liten delstilling, slik at me får gjennomført dei viktigaste aktivitetane. Dersom den innstilte diakonen hadde vorte tilsett sidan august så hadde sluttrekneskapet vorte ganske nærme balanse.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 02.12.2025

VEDTAK :

Fellesrådet tek orienteringa til etterretning.

FR-sak 53/25: ORIENTERINGSSAKER

Saksframlegg:

a) Varmeanlegg: Sentralen i kontorbygget er ferdig montert forutan det elektriske arbeidet. Arbeidet er i gong inne i kyrkja – radiatorane i kyrkjerommet er demontert og nye viftekonvektorar montert. Me har skaffa midlertidige biovarmare/omnar (diesel) til å varme opp kyrkja i overgangen mellom nytt og gammalt varmeanlegg. Arbeidet pregar kyrkjerommet dei fyrste 2 vekene i desember. Røyra i våpenhuset er meir synlege enn venta – moglege behov for etterarbeid og godkjenning av Riksantikvar. Arbeidet går elles etter planen.

b) Ny diakonimedarbeidar: Søkjerer med formell kompetanse trakk sin søknad grunna tilbod i andre fellesråd. Tilsetjingsutvalet gjennomførde intervju med den interne kandidaten som ynskjer stilling som diakonimedarbeidar, og har samstemt vedtatt å gje tilbod om fast delstilling til Elin Etterlid Tveito. Tilsetjingsutvalet går samtidig inn for å lyse ut etter diakon i delstilling med søknadsfrist på nyåret for å ivareta den teologiske og faglege forankringa i vårt diakonale arbeid.

c) Møtegodtgjersler har ikkje vore utbetalt i siste halvdel av 2025 og fellesrådsmedlemmane vil bli bedt om å signere skjema for møtegodtgjersle i møtet 2. desember.

d) Fellesråda i 2 andre Hallingdalskommunar vurderer å auke årleg festeavgift til 220 eller 230 kroner. Det er naturleg å legge opp til ein tilsvarande auke i Ål kyrkjelege fellesråd. Eit eventuelt vedtak vert i så fall fatta i 2026.

e) Revisor har avslutta revisjon av årsoppgjer 2024 og sendt en konklusjon med forbehold mottatt 2. desember 2025. Full rapport og revisjon vil framleggast i januarmøtet.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 02.12.2025:

VEDTAK:

Fellesrådet tek orienteringa til etterretning.

FR-sak 54/25: PERSONALSITUASJONEN - OPPDATERING

Saksframlegg:

Fellesrådet har lagt inn ei fast orienteringssak om personalsituasjonen i kyrkja.

Prosten orienterte om prestesituasjonen.

- Sokneråda i Hol og Ål er bedne om å gje innspel til utlysing for kapellan til Hol og Ål. Stillinga skal lysast ut med søknadsfrist i januar, planlagt intervju 30. januar, soknerådet må gje uttalelse innan 12. februar. Mogeleg behov for eige soknerådsmøte 3. februar. Mål at ny prest er tilsett innan utgangen av februar.

Budsjett- og regnskapsbestemmelser i økonomiforskriften

- Det er gjort avtale med ein stiftskandidat til å vikariere noko på nyåret og fram til påske, i tillegg til vikarar me allereie brukar. Det trengs bustad til stiftskandidaten, vurderer pensjonatet. Prosten vil kommunisere datoar slik at soknerådet kan gje tips om mogelege bustader.

Kyrkjevevja orienterte om anna stab ved kyrkjekontoret.

- Staben har framleis ein 100% sjukmelding til 5. desember. Det er signert avtaler med vikarar til arrangement i november og desember.

- Elin Etterlid Tveito har fått fast 40% stilling som diakonimedarbeidar, ho har dermed ein samla stilling på 80%.

- Nokre i staben har framleis ein del plusstimar som me jobbar med å få avspasert innan nyttår.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 02.12.2025:

VEDTAK:

Fellesrådet takker for orienteringane.

Neste møte: 20. januar 2026